



Orkidè regionråd

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		68108/2016/	Svein Neerland, 71 25 88 32	28.07.2016

Treng vi ei Skjærgårdsteneste i Møre og Romsdal?

- Invitasjon til studietur til Bergen 29. august 2016.
- Invitasjon til fagdag i Molde 22. september 2016.

Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kultur- og folkehelseutvalet har bedt om ei politisk sak som skal vurdere om det er grunnlag for å opprette ei Skjærgårdsteneste i vårt fylke. Saka skal leggst fram på utvalet sitt møte 26. oktober 2016.

Den politiske saka som skal utarbeidast bør svare på desse spørsmåla:

- Er det behov for skjærgårdsteneste i vårt fylke?
- Kva for oppgåver bør eventuelt ei slik teneste ha?
- Korleis bør tenesta organiserast?
- Korleis bør tenesta finansierast?
- Korleis bør tenesta samarbeide med eksisterande aktørar som har ansvar langs kysten?
- Kva kan dagens aktørar med ansvar langs kysten bidra med for at det kan etablerast og driftast ei skjærgårdsteneste?

Ut i frå dialog vi har hatt med ulike aktørar så langt, er det særleg fem utfordringar som har kome fram:

1. Marin forsøpling, rydding og forebygging av "herrelaust" søppel.
2. Drift og skjøtsel i statlig sikra friluftsområde som er lettast tilgjengeleg med båt.
3. Skjøtsel og rydding av søppel i verneområda og utsette kyststrekningar.
4. Legge til rette for kystnært friluftsliv og understøtte grunneigarar og frivillige til skjøtsel langs kysten.
5. Haldningsskapande arbeid i møte med bedrifter, skular og frivillige.

Dersom vi skal opprette skjærgårdsteneste i vårt fylke, er vi heilt avhengig av å etablere samarbeid med aktørar som har eksisterande ansvar langs kysten. Tenesta må opplevast av alle som eit positivt tilskot som gjer at vi saman kan løyse oppgåvene våre betre.

Skjærgårdstenesta er i dag etablert frå Svinesund og rundt kystlinja opp til og med Hordaland. Den er ulikt organisert i dei forskjellige fylka. Området som har mest felles med vårt fylke er Vestkystparken, ei samarbeidsteneste mellom Rogaland og Hordaland. Bergen og omland friluftsråd har ansvar for å koordinere tenesta.

Vi inviterer relevante samarbeidsaktørar til å bli med på:

Studietur til Bergen/Vestkystparken 29. august.

Målet for turen er å hente inn kunnskap og idear til kva som er mogeleg å få til i vårt fylke. (Sjå vedlagte program og informasjon under brevet)

Dernest inviterer vi til temadag 22. september på Molde fjordstuer.

Målet med denne samlinga er at vi etter studieturen og prosessar i våre organisasjonar, kan foreslå alternativer for utforming av ei Skjærgårdsteneste, dersom det er grunnlag for det.

Tenesta må svare på dei behova som etatar, kommunar og aktørar opplever som viktige å sette inn tiltak mot.

Alle som er adressat av dette brevet er invitert til begge samlingar.

Samlingane 29. august og 22. september vil danne grunnlag for saka som skal leggest fram for Kultur- og folkehelseutvalet 26. oktober 2016.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Svein Neerland
seksjonsleiar folkehelse og
fysisk aktivitet

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur.

Desse partane er invitert med:

Sunnmøre regionråd
Romsdal regionråd
Orkide, regionråd for Nordmøre
KS Midt-Norge
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens Naturoppsyn
Renovasjonsselskapa VØR, ÅRIM, RIR, NIR og HAMOS
Kystverket
Norsk sjømat
Møre og Romsdal fiskarlag
Friluftsråda
Fjordnorge
Visitnordvest
Politikarar i Møre og Romsdal fylkeskommune

Kopi:
 Petter Jensen
 Håkon Slutaas
 Ragna Brenne Bjerkeset
 Arve Ingolf Slettvåg

Informasjon om studietur til Vestkystparken 29. august 2016

Stad: Lokala til Vestkystparken, Bergen og omland friluftsråd, Helleneset.

08.25: Minibuss frå Flesland flyplass til Helleneset (24 km).

Fagleg program innafor ramma 09.00 - 15.00:

- Informasjon om skjærgårdstenesa i Vestkystparken v. Åge Landro, dagleg leiar.
 - Historikk og organisering
 - Oppgåver og dagleg drift
 - Finansiering
- Slik fungerer skjærgårdstenestene i Norge, v. Otto Okstad, Miljødirektoratet
- Lunsj
- Befaring og spørsmål
- Kva betyr skjærgårdstenesta for kommunane
- Kva betyr skjærgårdstenesta for Statens naturoppsyn og andre samarbeidsaktørar i Hordaland/Rogaland
- Korleis samarbeider tenesta med andre aktørar langs kysten
- Drøfting og spørsmål

15.00 Avreise med minibuss til flyplassen

Koordinator for studieturen: Møre og Romsdal fylkeskommune
 Fagleg ansvar: Dagleg leiar for Vestkystparken, Åge Landro

Alle som deltar er sjølv ansvarleg for transport til Bergen. Det er god flyforbindelse frå heile fylket. Desse avgangane er kanskje mest aktuelle:

Kristiansund - Bergen:	06.45 - 07.50
Molde - Bergen:	06.05 - 07.50
Ålesund - Bergen:	07.25 - 08.10
Bergen - Ålesund:	16.35 - 17.30
Bergen - Kristiansund:	18.25 - 19.25
Bergen - Molde:	19.35 - 20.50

Alle deltakarar er ansvarleg for bestilling av fly og eigne reisutgifter.
 Møre og Romsdal fylkeskommune dekker lunsj og lokal transport i Bergen.

Påmelding til Petter Jensen innan 23.august.

Epost: petter.jenset@mrfylke.no
 Telefon: 922 34 244